



KOMMUNEREFORM OG TENESTEPRODUKSJON

INNSPEL FRÅ EININGSLEIARAR

Sykkylven kommune mai 2016

Einingsleiarane i kommunen vart oppfordra til å vurdere fordeler og ulemper med Sykkylven sine tre alternativ i reforma, sett opp mot deira rolle som ansvarleg for tenesteproduksjon i kommunen.

Innspela er samla og oppsumert i dette notatet.

Innspela kom frå Bu og rehab, Heimetenestene, BUAS, Barne- og familie, ungdomsskule, to barnehagar, teknisk og servicetorg.

Oppfordringa vart tatt opp på leiarforum i april, med svarfrist 8.mai.

KOMMUNEREFORMA FRÅ TENESTEPRODUSENTEN SI SIDE

Vurderingar og betraktningar frå einingsleiarar i Sykkylven kommune knytt til Sykkylven sine tre alternativ.

Alternativ: Sykkylven held fram som eigen kommune

Fordeler	Ulemper
<p>Medarbeidar mestrer alle fagområda og blir ein god «all rounder».</p> <p>Medarbeidar kjenner alle ledd i prosessane i fagområdet og kan prioritere ressursbruk hensiktsmessig.</p> <p>Den enkelte medarbeidar har god oversikt over saksområda og vil kunne gje lik handsaming til tilsvarande saker.</p> <p>Liten kommune gir større høve til tett samarbeid mellom einingsleiarar.</p> <p>Leiarane kjem tett på medarbeidarane.</p> <p>Det vert kort avstand frå overordna leiing til einingsleiar. Stor nærleik til brukarane.</p> <p>Høve til fleksibel drift.</p>	<p>Ved sjukefråvere eller vakanse i stillinga/-ar kan det verte eit problem å få utført oppgåvene med tilfredsstillande kvalitet.</p> <p>Kan vere vanskeleg å rekruttere medarbeidar med kompetanse til å utføre alle dei ulike oppgåvene som ligg innanfor fagområdet.</p> <p>Medarbeidar kan ikkje spesialisere seg på det han/ho har mest talent for.</p> <p>Sårbart når det er ein person/få personar som mestrar oppgåvene innan fagområdet.</p> <p>Ein jobbar med mange fagområder og blir ikkje ekspert/spesialist på nokon av oppgåvene.</p> <p>Ved få/berre ein medarbeidar på fagområdet, vil ein ved stor arbeidsmengde kunne oppleve lengre saksbehandlingstid enn det som er ønskjeleg.</p> <p>Når det berre er ein person i fagområdet, så er det ein risiko for subjektiv handsaming av saker.</p> <p>Lav kapasitet.</p> <p>Manglande spisskompetanse.</p> <p>For små til å ha effektive løysingar.</p> <p>Små einingar gri mindre rom for fagleg utvikling.</p> <p>Små og lite effektive einingar kan gi høgare driftskostnadar.</p> <p>Sårbart i høve til å få på plass gode fagmiljø i spesialisttenester einingane er avhengig av.</p>

KOMMUNEREFORMA FRÅ TENESTEPRODUSENTEN SI SIDE

Vurderingar og betraktningar frå einingsleiarar i Sykkylven kommune knytt til Sykkylven sine tre alternativ.

Alternativ: **Stranda og Sykkylven kommune**

Fordeler	Ulemper
Større fagmiljø for leiarane.	Krev stor grad av desentralisert tenestetilbod gir mange små einingar med høgare kostnad pr brukar/tenestemottakar.
Fleire å spele på.	
Større moglegheit for ulike kompetansehevande tiltak.	Store geografiske avstandar mellom einingane reduserer høve til samarbeid.
Like utfordringar i høve desentralisering.	Vil kunne bli for liten til å gi stordriftsfordelar.
Mogleg å få til større spesifikke fagmiljø som kan bidra inn mot tenesteproduksjonen, t.d. PPT, fysio, ergoterapi, logopedi mm.	Nye ulemper kan tenkast knytt til større geografiske avstandar.
Mindre sårbar med tanke på sjukefråver, vakansar.	Stranda har dårlegare økonomi enn Sykkylven, meir utfordrande infrastruktur og større avstandar.
Større einingar vil kunne utløyse meir egna/effektive fagsystem.	Større avstand mellom leiing og utøvande.
Fleire som mestrar same oppgåve gir auka fleksibilitet og større kapasitet.	For små fagmiljø til å rekruttere kompetent arbeidskraft.
Fleire medarbeidarar innan kvart fagområde vil kunne forhindre subjektiv handsaming av saker.	Gir ikkje auka tilgang til spesialkompetanse.
	Faglege samarbeid i dagens tenesteproduksjon rettar seg utover, ikkje innover.
	Kan hende ei løysing der Sykkylven må dele, meir enn dei får.

KOMMUNEREFORMA FRÅ TENESTEPRODUSENTEN SI SIDE

Vurderingar og betraktningar frå einingsleiarar i Sykkylven kommune knytt til Sykkylven sine tre alternativ.

Alternativ: **Regionkommune Ålesund**

Fordeler	Ulemper
Større fagmiljø reduserer sårbarheiten og er lettare å rekruttere til.	Større avstand mellom eigar og eining.
Betre ivaretaking av kompleksiteten i tilbudet frå kommunen.	Einingar i Sykkylven kan bli marginalisert i forhold til heilskapen i ein stor kommune.
Betre tenester til særleg sårbare grupper, t.d. unge med kognitiv svikt, døgntilbod rus og psykiatri, mm.	Mindre moglegheit for samarbeid på tvers i ein stor kommune.
Nye oppgåver t.d. i samband med samhandlingsreforma krev meir kompetanse.	Smalare arbeidsfelt kan vere meir einseitig og mindre attraktivt.
Større og styrka stabsfunksjonar, med t.d. auka kompetanse på personal, jus, helseøkonomi.	Sentralisering av makt.
Auka moglegheit for nødvendig satsing på IKT/Velferdsteknologi.	Endra arbeidsstad kan gi auka pendling.
Fleire spesialistar, færre som må jobbe med «alt».	Fleire spesialistar og færre generalistar med breiddekunnskap.
Sterk innan PPT, barnevern og andre spesialistfunksjonar.	Større avstand dersom kompetanse blir flytta til Ålesund. Vi treng kompetanse lokalt også.
Beste måten å møte Sykkylven si demografiske utfordring (eldrebølge, synkande folketal i yngre aldersklassar)	Ikkje direkte tilgang til den som utfører arbeidet.
Kan gi fleire einingar innanfor same fagområde, styrka samarbeid og fagleg utvikling.	
Styrke leiarrolla, for å sikre dyktige og strategiske leiarar.	
Høgare kvalitet på tenester grunna betre tilgang på kompetanse.	
Synergjar ved standardisering og felles løysingar.	